



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR

i
ROGALAND
19 71

Navnet på vatnet Teksevatnet
Kommune Vind

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg, etter retningsliner og i nært samarbeid med Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

TEKSEVATNET

Fiskeanalysen vart foreteken den 24 sept. 1971.

Vatnet ligg i Lund kommune, nærare stadfest ved Ualand, og med Bjørndalen i nord og Tekse i aust.

Arealet er omlag 180 ha og h.o.h. 183 m.

Då vatnet er såpass stort vil djupnetilhøva vera vekslande, men stort sett vil ein likevel seie det er eit grunt vatn, og har neppe djupne over ca. 20 m utan at dette er målt.

Stranda består for det meste av stein og fjell som går over til gjørmebotn mot djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, siv og alger er vegetasjonen ein vil finna i vatnet.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbeiter, skogsmark, myr og fjell.

Hovudtilsiget kjem frå Bilstadvatnet i sør-aust og vidare fell der inn eit større bekketilsig frå Teksetjernet i aust. Elles kjem der mindre bekketilsig ymse stader.

Avlaupet renn ut i "Teksåni" og ut i Hellelandsvassdraget.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 8.0 m og fargen på vatnet gullig-grønn.

Surheita pH er målt til 5.6 som er ganske bra for aure og røyr.

Innhaldet av kalk (Ca O) er 1.0 mg/l og den totale hardheita 2.3 mg/l. Vatnet må etter dette karakteriserast som kalkfattig.

Leiingsemna $K_{18} = 30.0 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Gjennomstrøyminga kan til sine tider vera ganske stor.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0, 5.0 og 10.0 n djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 8 fåbørstemark, 13 fjærmygglarver og 2 vårflugelarver - i alt 230 individ pr. m^2 .

5.0 meteren gav som resultat 7 fjærmygglarver og 2 vårflugelarver tilsvarande 90 individ pr. m^2 .

På 10.0 m vart det funne 5 børstemark, 11 fjærmygglarver, 3 vårflugelarver og 1 musling - samla 200 individ pr. m^2 .

Resultata av alle prøvene syner at der er i minste laget med botndyr i vatnet.


Ein tok mageprøver av 1 røyr og 1 aure og her vart det funne buksvømmere, plankton, vårflugelarver og vannkalv.

Planktonprøver:

Fisk m.v.

Fiskeslaga utgjer aure, røyr og ål. Det er i dag røyra som dominerar.

Ein sette ut 14 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 95 røyr og 2 aurar. Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga:




Det vart teke prøver av 26 røyr og alle var lys-røde i kjøttet. Av prøvefiskane var 13 hanfiskar og 13 hofiskar - ei uvanleg jamn kjønnsfordeling.

6 av prøvefiskane var angripne av parasittar.

Dei aurane vi fekk var begge hanfiskar og dei var røde i kjøttet.

Då ein ikkje kan lesa av alderen på skjella til røyra, er her ikkje sett opp nokon vekstkurve for fisken. Heller ikkje for dei 2 aurane er sett opp vekstkurve, då prøvematerialet er altfor lite.

Fordeler vi fangsten på cm-klassar, og set dette opp grafisk, får vi denne framsyninga:



Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at tilheva ligg vel tilrette for fiskeproduksjon i Teksevatnet og vidare at vatnet er noko overbefolka i dag.

Det er røyra som fullt ut dominerar og det er ofte den vegen det vil gå, når aure og røyr er i blanding. Røyra har stor formeringsemne, så om ein ikkje lokaliserar gyteplassene og driv eit hardt garnfiske her, vil det gå sterkt utover auren.

Det som er avgjerande for næringsdyrproduksjonen og fylgjeleg fiskeproduksjonen i eit vatn er nedslagsfeltet, då det er herfrå at vatna får tilsiga sine og dei stoffa som tilsiga fører med seg vil setje sitt preg på vatnet - enten til godt eller vondt.

Nedslagsfeltet for Teksevatnet er bra i så måte, då tilsiga for ein stor del kjem frå dyrka mark og kulturbeiter. Det er såleis mykje verdfulle næringsstoff som gjennom tilsiga blir tilført vatnet og dette gir gode vilkår for alger og anna plankton som er sjelve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Ein del av prøvafiskane våre var angripne av parasittar og det er ofte tilfelle eit teikn på at fiskebestandet er i største laget i høve til næringsforrådet.

Gytetilhøva er gode for røyra. Som kjent er røyra ein stimgytande fisk som om sumaren gjerne heldt til i dei djupare vasslaga, men når gytetida nærmar seg søker den grunnare partier gjerne nær land. Røyra gyt i sjølve vatnet og då på hard botn (stein ogur).

Gytetilhøva for auren er og bra, men det ser ut som om røyra er i ferd med å erobre heile vatnet og auren på sterk tilbakegang.

Praktiske tiltak.

Det første som må gjerast er å skipe til eit grunneigarlag, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Vidare må ein lokalisera gyteplassane for røyra og drive eit hardt garnfiske her. Er der grunne partier ute i vatnet må garna setjast her og vidare langs landet der ein av røynsle veit at røyra gyt. Kjøp inn 10-12 garn av ymse maskestørleik og driv eit hardt garnfiske med desse. Røyra er ein godt betalt matfisk så det vil vera mykje lønsam forretning å drive fiske i Teksevatnet.

For å auke aurebestandet må ein i størst mogeleg omfang unngå å setje garn der ein veit auren heldt til. Som kjent går auren på bekkene for å gyte, og den heldt ofte til i vikar o.l. der tilsigsbekker fell inn. Ein må heller ikkje fanga auren på gytebekken om hausten, men la den få fred og ro i gytetida.

Ålen er ein godt betalt matfisk, så denne må ein nyttiggjera seg.

Montérei ruse på ein høvande stad i utlaupsbekken og fang utgangsålen. Det er om hausten, helst under flaumar og mørk måne, at utgangsålen forlet vatnet. Det er sikkert store verdier som kvart år går ut av Teksevatnet i form av ål.

Tiltak utover dette skulle førebels ikkje vera aktuelle.

Når grunneigarlaget er etablert må ein strakst gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske til sportsfiskarar m.fl.. Det er ikkje få som vil ta turen til Teksevatnet for å prøve fiskelukka og det vil strakst gi grunneigarane innkome. Ein båt eller to for utleige skulle også grunneigarlaget hatt.

Fiskekort og garn kan kjøpast ved underskrivne.

Stavanger 15/2 1972

Einar Berg